



# Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Kristin Bach Skaset, 5557 2277

Vår dato  
21.08.2015  
Dykkar dato

Vår referanse  
2015/10995 363.3  
Dykkar referanse

Meland kommune  
Postboks 79  
5906 Frekhaug

**Ber om at brevet vert distribuert til:**  
Ordførar  
Rådmann

## Oppmoding om busetting av flyktningar

Kommunane gjer ein stadig betre jobb med busetting og kvalifisering av flyktningar. Samstundes aukar busettingsbehovet. I 2015 treng over 13 000 flyktningar busettingsplass, men med kommunevedtaka som føreligg er det realistisk å busette 10 000. Stortinget har vedteke at Noreg skal ta imot 8 000 syriske overføringsflyktningar i perioden 2015-2017. Samla sett er det behov for å busette i alt 50 000 flyktningar i fireårsperioden 2016-2019.

Fylkesmannen i Hordaland viser til Meland kommune sitt vedtak av 15.12.2014 om å ta imot 15 flyktningar kvart år i perioden 2015-2017. Vi viser òg til brev om busetting av flyktningar datert 23. april frå statsråd Solveig Horne til alle kommunar i landet. Meland kommune har gitt tilbakemelding til statsråden om at kommunen vil auke busettinga med 8 plassar kvart år i 2015, 2016 og 2017.

**Fylkesmannen i Hordaland takkar Meland kommune for dette vedtaket, men på bakgrunn av behovet og målet om å busette 13 200 flyktningar i 2016, ber Fylkesmannen i Hordaland Meland kommune om å fatte følgjande vedtak for 2016:**

- **minst 30 flyktningar i 2016**

Denne oppmodinga om busetting av flyktningar i Meland kommune er basert på oppdaterte prognosar og plantal for åra 2015-2019, og på samarbeidsavtalen mellom staten og KS. Oppmodinga er utarbeidd i samarbeid med IMDi og KS.

### **Busettingsbehov for planperioden 2017-2019**

Behovet tilseier eit nasjonalt plantal på 13 200 også i 2017. Det gir følgjande plantal for Meland kommune:

- minst 30 nykomne flyktningar i 2017

For 2018 og 2019 er plantalet 12 000 per år. Det gir følgjande plantal for kommunen:

- minst 25 nykomne flyktningar per år.

Vi ber kommunen fatte vedtak for åra 2017, 2018 og 2019 i tråd med plantala. Det er ynskjeleg at det vert gjort i form av eit rammevedtak for perioden 2017-2019, og at administrasjonen får fullmakt frå kommunestyret til å disponere plassane for det enkelte år innanfor denne ramma, i samråd med Fylkesmannen og IMDi.

Det er uvisse knytt til plantala som følgje av eventuelle svingingar i talet på flyktningar som skal busettast. Årleg vil kommunen få tilsendt eit tilsvarende oppmodingsbrev for å stadfeste eller eventuelt justere plantala for kommande år på bakgrunn av eventuelle endringar i behovet for busetting av flyktningar.

Kommunen sitt vedtak om busetting av eit talfesta tal på flyktningar bør fattast utan atterhald. Oppmodinga inkluderer ikkje familiesameinte. Fylkesmannen oppfattar at vedtak basert på oppmodinga er bindande for begge partar. Skulle det av spesielle grunnar ikkje la seg gjere å realisere alle plassane, ber vi om at unytta plassar vert overførte til neste års busetting. Kommunen kan fatte vedtak om å busette fleire flyktningar enn oppmodinga dersom det er ynskje om det.

Fylkesmannen ber om kommunen sitt svar på oppmodinga innan 30. november 2015. Vi ber om at vedtaket sendes skriftleg til Fylkesmannen ([fmhopostmottak@fylkesmannen.no](mailto:fmhopostmottak@fylkesmannen.no)), med kopi til IMDi; [post@imdi.no](mailto:post@imdi.no) og KS v/Nina Gran; [nina.gran@ks.no](mailto:nina.gran@ks.no).

### **Økonomi og rammevilkår**

Busettingsmodellen er basert på at kommunane tek sin del av ansvaret ved å seie ja til oppmodinga som er utarbeidd i samarbeid med IMDi og KS. Tilskota som vert utløyste ved busetting av flyktningar er auka. Stortinget har i revidert nasjonalbudsjett for 2015 vedteke eit ekstra tilskot og har auka tilskotsramma for utleigebustader. Fylkesmannen ber om at kommunen vurderer korleis betre finansieringsordningar kan nyttast til å byggje opp dimensjonane i kommunen sitt introduksjonsprogram og skaffe fleire bustader til nye flyktningar.

### **Ekstratilskot ved busetting i 2015**

Stortinget har vedteke å innføre eit ekstratilskot ved busetting av flyktningar i 2015. Målgruppa for ekstratilskotet er todelt:

- kommunar som buset fleire flyktningar enn oppmodinga frå IMDi for 2015 og samstundes fleire enn folketalet i kommunen tilseier, vil få eit ekstratilskot på 50 000 kroner per person vert busett utover IMDi si oppmoding.
- kommunar som buset fleire flyktningar enn oppmodinga frå IMDi for 2015, vil få eit ekstratilskot på 25 000 kroner per person som vert busett utover IMDi si oppmoding.

Les meir om dette ekstratilskotet i vedleggsdelen.

### **Kontakt med Fylkesmannen om oppmodinga**

Fylkesmannen deltek gjerne på møter med leiinga i kommunen, eventuelt saman med IMDi eller andre statlege etatar. Fylkesmannen vil samarbeide med IMDi om oppfølginga av dette brevet. I vedlegget til dette brevet er det gjort nærare greie for bakgrunnen for oppmoding og kva tilskot som vert utløyste ved busetting.

Ta kontakt med Fylkesmannen i Hordaland dersom kommunen ynskjer meir informasjon om oppmodinga eller busetting av flyktningar generelt.

Vi ser fram til eit framleis godt samarbeid med Meland kommune!

Med helsing

Lars Sponheim  
fylkesmann

Rune Fjeld  
ass. fylkesmann

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:  
IMDi Vest  
KS v/Nina Gran

## Nærare informasjon om oppmodinga

### Permanent kommunal oppgåve

Busetting av flyktningar er ei permanent kommunal oppgåve på lik line med andre kommunale oppgåver. Busettingsarbeidet må i likskap med andre kommunale oppgåver inn i faste og planlagde former, basert på fleirårige vedtak og plantal.

Talet på flyktningar det er behov for å busette i den enkelte kommune dei komande åra, skal gå fram av prognosar og plantal som gjer kommunane best mogleg føreseielegheit. Kommunane får årleg brev med oppdaterte prognosar for inneverande år og neste år og rullerte plantal for dei tre påfølgjande åra. Talet på flyktningar som kommunane er oppmoda om å busette dei neste fire åra (2016-2019) er basert på dagens prognosar og plantal. Oppmodingstala kan bli justert opp eller ned ved rullering neste år, dersom prognosane over talet på nye flyktningar verte endra eller dersom kommunane ikkje vedtek det talet plassar det er behov for.

### Bakgrunnen for oppmodinga

Kommunane har auka busetting av flyktningar monaleg dei siste åra, men behovet for å busette flyktningar aukar enno meir. For å få busett både det årlege talet på nye flyktningar og det store talet på busettingsklare flyktningar som allereie ventar i mottaka, er det naudsynt å auke kommunane sin kapasitet til eit høgare nivå.

Våren 2013 ble kommunane bedt om å busette om lag 10 000 flyktningar både i 2014, 2015 og 2016. Våren 2014 ble kommunane oppmoda om å busette 10 804 flyktningar i 2015, og per 30. juni var det registrert vedtak om å busette 9 262 flyktningar i år. Prognosane basert på dei siste signala er at kommunane vil busette 10 000 flyktningar i 2015. Dette er 800 færre enn det talet kommunane vart oppmoda om i år, og kjem i tillegg til ein manko på 2 200 plassar frå 2014. Etterslepet er difor stort.

På bakgrunn av dagens flyktningkrise vart alle kommunar i landet i brev av 23. april frå statsråd Solveig Horne, bedt om å gje tilbakemelding på kor mange flyktningar dei kan busette i løpet av 2015 og 2016. Førebelse signal frå kommunane per 9. juli på ekstra plassar i 2015 er anslege til å vere 2 164, og tal på ekstra plassar i 2016 er anslege til å vere 1 782, dvs. 3 964 ekstra plassar totalt i 2015 og 2016. Dette inkluderer både førebelse og endelege vedtak, med og utan atterhald. Fylkesmannen og IMDi er i dialog med kommunane om forståing og rask iverksetting av vedtaka.

Målet i samarbeidsavtalen mellom staten og kommunesektoren er at ved utgangen av året skal alle vere busett i samsvar med behovet. Busettingsbehovet i 2015 har no auka til 13 200, og behovet vil også vere 13 200 i 2016, dersom kommunane buset 10 000 flyktningar i 2015.

Auka i busettingsbehovet skuldast delvis at ein høgare del asylsøkjjarar har behov for vern som gjer at dei får innvilga opphaldsløyve. Samstundes aukar talet på overføringsflyktningar som kjem til Noreg etter at Stortinget har vedteke å ta imot 8 000 syrarar over 3 år, fordelt på 2 000 i 2015 og 3 000 i kvart av åra 2016 og 2017. Ved utgangen av juni i år var det 5 228 flyktningar i asylmottak med opphaldsløyve som venta på å flytte til ein kommune. Ein femtedel av dei har venta i meir enn eitt år sidan innvilga opphald. Lang ventetid er spesielt belastande for born. 645 av dei som ventar er born i familiar, kor av 410 har budd på asylmottak i meir enn eitt år frå dei søkte om opphaldsløyve.

For å få busett både det store talet på flyktningar som no ventar i mottaka og det auka talet på syriske flyktningar, er det behov for ein særleg innsats frå alle kommunar i landet. Dersom kommunane ikkje buset fleire flyktningar i tråd med Fylkesmannen og IMDi si oppmoding, vil køane og ventetida i mottak halde fram med å auke. Det er behov for å busette så mange som mogleg av dei som ventar i løpet av 2015 og 2016. Dersom det vert busett 10 000 flyktningar i 2015, vil busettingsbehovet verte 13 200 både i 2016 og 2017 og 12 000 i 2018 og 2019.

Kommunar som dei siste års har busett få flyktningar i høve til folketalet i kommunen, vert særleg oppfordra til å auke talet. Dette kan gje grunnlag for fleire deltakarar i introduksjonsprogrammet, noko som vil føre til auka tilskot til kommunane og samstundes gje meir tenleg storleik på klassar. Fylkesmannen oppfordrar desse og andre kommunar til å inngå interkommunalt samarbeid om introduksjonsordninga der dette kan vere føremålstenleg.

### Einslege born og unge (einslege mindreårige)

I 2014 busette kommunane 536 einslege born og unge (mindreårige under 18 år). Busettingsbehovet for denne gruppa aukar kraftig til 750 i 2015 og 750 i 2016, og plantala er på same nivå også i 2017, 2018 og 2019. Om lag 40% av dei einslege borna er under 15 år, medan 60% er over 15 år. Den store auka i talet har samanheng med auka i busettingsbehovet generelt. Einslege born og unge under 18 år er ei prioritert gruppe ved busetting. Det er difor avgjerande at kommunane i sine vedtak prioriterer busetting av denne gruppa, og om naudsynt gjer om vedtekne plassar til bruk for denne gruppa. Det er eit særleg behov for fleire plassar til den delen som er under 15 år.

### **Økonomiske verkemiddel**

Kommunane får fleire tilskot frå staten for å dekke utgifter ved busetting og integrering av flyktingar. IMDi forvaltar i 2015 tilskot for om lag 9 milliardar kroner. Over 99 prosent av midlane går til kommunane, medan resten går til frivillig sektor og til verksemdar og organisasjonar i privat og offentleg sektor i kommunane. Ordinære overføringar til kommunane kjem i tillegg til tilskota frå IMDi.

Stortinget har vedteke eit ekstratilskot på til saman 50 millionar kroner som skal fordelast til kommunar som i løpet av 2015 buset fleire flyktingar enn dei er oppmoda om og det folketalet i kommunen tilseier. Ekstratilskotet skal fordelast på følgjande måte:

- Kommunar som buset fleire flyktingar enn oppmodinga frå IMDi for 2015 og samstundes fleire enn folketalet i kommunen tilseier, vil få eit ekstratilskot på 50 000 kroner per person vert busett utover IMDi si oppmoding.
- Kommunar som buset fleire flyktingar enn oppmodinga frå IMDi for 2015, vil få eit ekstratilskot på 25 000 kroner per person som vert busett utover IMDi si oppmoding.

Nærare informasjon vil gå fram av eige rundskriv på [www.imdi.no](http://www.imdi.no). Vedlagt rundskrivet følgjer ei oversikt som syner kor mange flyktingar kvar kommune må busette i 2015 for å innfri kravet om busetting utover IMDi si oppmoding og det folketalet i kommunen tilseier.

Stortinget har også avgjort å auke tilskotet til utleiebustader med 80 millionar kroner. 50 av dei 80 millionane er ei varig auke i tilskotsramma, medan 30 av millionane gjeld 2015. Nærare informasjon om tilskotsramma for utleiebustader vil vere tilgjengeleg på [www.husbanken.no](http://www.husbanken.no)

Nærare informasjon om dei ulike økonomiske virkemidla ved busetting av flyktingar, finst på IMDi sine heimesider [www.imdi.no/tilskudd/](http://www.imdi.no/tilskudd/).

I tillegg vert det synt til [www.bufetat.no](http://www.bufetat.no) for informasjon om statleg refusjon av utgifter til kommunale barnevernstiltak for einslege mindreårige asylsøkjjarar og flyktingar (Rundskriv Q-05/2015).

### **«Solidaritetsmodell»**

Dagens busettingsmodell er basert på samarbeidsavtalen mellom staten og KS. Modellen er ein "solidaritetsmodell". Med dette vert det meint at dersom éin kommune som vert oppmoda om å busette flyktingar svarer nei eller fattar vedtak som er lågare enn Fylkesmannen og IMDi si oppmoding, må talet på flyktingar verte fordelt på dei andre kommunane. Difor er det viktig at kommunane buset flyktingar i tråd med oppmodinga for å sikre ei jamn fordeling av ansvar for denne viktige samfunnsoppgåva. Noreg sine internasjonale forpliktingar inneber å ta imot menneske som er utsett for forfølging i sine heimland.

### **Flyktingar - ein ressurs**

Busetting av flyktingar er ikkje berre ei humanitær oppgåve. Flyktingar utgjer også ein ressurs. Det er eit prinsipp at flyktingar skal busettast i kommunar over heile landet. Kommunen må ha eit tilpassa tenestetilbod til dei som vert busett, medrekna introduksjonsprogram og opplæring i norsk og samfunnskunnskap, slik at dei raskt kan få arbeid eller gå vidare til kvalifisering og utdanning.

Både privat og offentleg sektor vil ha behov for meir arbeidskraft i åra framover. Gjennom gode kvalifiseringsprogram kan kommunar i samarbeid med NAV og lokalt næringsliv skreddarsy kompetanse som arbeidslivet treng. Stadig fleire kommunar ser busetting i samanheng med sysselsetting og befolkningsutvikling. Det er potensiale for auka busetting når kvalifisering av flyktingar i større grad vert knytt til lokalt næringsliv. Dette gjeld spesielt i dei kommunar kor næringslivet elles må hente arbeidskraft utanfrå gjennom

arbeidsinnvandring, og når busetting av flyktningar også kan bidra positivt til den demografiske utviklinga i kommunen.

### **Bustad**

Å finne eigna bustad til flyktningar kan vere ei utfordring. Det er avgjerande at kommunen sitt vedtak om busetting vert følgt opp gjennom bustadplan og aktiv bruk av Husbanken sine ordningar. Husbanken sitt regionkontor kan kontaktast. Det vert synt til nærare informasjon på Husbanken sine heimesider [www.husbanken.no](http://www.husbanken.no).

Dersom kommunen har vanskar med å skaffe bustader, er eit aktuelt alternativ at flyktningar sjølv kan finne bustad. Fylkesmannen ber kommunane til å opne for at personar kan finne bustad sjølv innanfor dei rammene som kommunane fastset. Dette kan skje innanfor kommunen sitt vedtak om busetting. Mange kommunar nyttar denne løysinga for dei den bidrag til rask og effektiv utnytting av plassane i kommunen. Ordninga kan også bidra til at det kan bli mogleg for kommunen å busette fleire flyktningar. Ta gjerne kontakt med fylkesmannen eller IMDi Vest for meir informasjon om dette.

### **Familieinnvandring**

Ein monaleg del av dei vaksne flyktningane er einslege ved busettingstidspunktet, men har familie i heimlandet som kan ventast å kome til Noreg etter kvart. At flyktningar får familien sin til landet vil vere positivt for integreringa og kan bidra til befolkningsutvikling, men kan også innebere utfordringar med bustader og annan tenestekapasitet i kommunane. Det vert difor anbefalt at kommunen har fokus på at det kan komme familieinnvandra i tillegg til dei som skal busettast. Familieinnvandra til personar i målgruppa for integreringstilskot, utløyser også tilskotet. Sjå [www.imdi.no](http://www.imdi.no) for meir informasjon om tilskotsordningane.

### **Råd og rettleiing**

Fylkesmannen hjelper gjerne til med ulike tiltak saman med IMDi, Husbanken, KS, NAV og andre samarbeidspartnarar for å leggje til rette for busetting. Dette inkluderer:

- Langsiktig planlegging av busettings- og kvalifiseringsarbeidet; medrekna samarbeidsavtalar med IMDi og Husbanken, fleirårige vedtak og jamn busetting.
- Tilgjengelege tilskot frå staten som er meint å dekke kommunale utgifter ved busetting og integrering av flyktningar (integreringstilskot, norsktilskot, særskild tilskot for einslege mindreårige, tilskot ved busetting av personar med alvorlege, kjente funksjonshemmingar og/eller åtferdsvanskar, Husbanken sine bustadfinansieringsordningar, mv.).
- Prioritering av tilskot til utleigebustader innanfor dagens budsjett.
- Større og meir fleksibel bruk av Husbanken sitt startlån.
- Profesjonell bruk av den private leigemarknaden, kor dette vert sett som ei parallell løysing til bruk av kommunale bustader til flyktningar.
- Tilrettelegging for erfaringsutveksling mellom kommunane, som kan styrke planlegging av busetting, auke kapasitet og kompetanse, og betre overgang il arbeidsliv og utdanning for flyktningar.

Meir utfyllande informasjon om tilskotsordningar, rundskriv med meir i samband med busetting av flyktningar, finst på IMDi sine heimesider [www.imdi.no](http://www.imdi.no) og fylkesmannen i Hordaland sine heimesider [www.fylkesmannen.no/Hordaland/](http://www.fylkesmannen.no/Hordaland/).

Ta gjerne kontakt med Fylkesmannen i Hordaland dersom dykk ynskjer meir informasjon om oppmodinga eller busetting av flyktningar generelt.